

Søknad om godkjenning av plan for nydyrking i

Kommune

Fylke

Dette skjemaet skal brukast ved søknad om godkjenning av plan for nydyrking, jf. forskrift [om nydyrking § 7](#). Skjemaet skal før anleggsstart sendast den kommunen der arealet som ønskast nydyrka ligg. Kommunen si avgjersle kan pålagast til Fylkesmannen. Les rettleinga på side 2 og 3 før søknaden vert fylt ut. Fyll òg ut vedleggslista på side 2 i skjemaet, og legg ved påkravd og relevant dokumentasjon.

Nydyrkingstiltaket kan ikkje settast i gang før planen er godkjend. Dersom nydyringsarealet er over 50 dekar (eit vedlegg II-tiltak) skal kommunen behandle tiltaket etter [forskrift om konsekvensutredningar § 8](#). Òg mindre tiltak (under 50 dekar) skal behandlast etter § 3 dersom ein ikke kan sjå bort frå at tiltaket kan få vesentlege verknadar for naturmangfold eller andre viktige miljøomsyn. Kommunen skal òg vurdere tiltaket etter føresegnene i kapittel II i naturmangfoldlova.

Grunnopplysningar

Søkjarens namn (etternamn, føre og mellomnamn)

Fødselsnr. (11 siffer)

Organisasjonsnr. (9 siffer)

Adresse

E-postadresse

Telefonnr.

Eigedomen søknaden om plan for nydyrking gjeld

Gnr.

Bnr.

Fnr.

Angi arealinformasjon i dekar (sjå eventuelt gårdskart)

	Eigedomen sitt totalareal	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Uproduktiv skog	Myr	Anna areal
1								
2	Beskriv driftsbygningar på eigedomen (tal på husdyrplassar, lagringskapasitet grovfôr, kornlager, korntørke, kjøleager etc.)							
3	Driftsform på eigedomen (husdyrhald, planteproduksjon mv.)							
4	Ved husdyrhald angi talet på dyr				Ved planteproduksjon, angi eigd areal i drift Talet på dekar:			
5	Har eigedomen tilstrekkeleg spreieareal for husdyrgjødsel i forhold til husdyrhaldet? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei				Dersom nei, angi behov for ytterlegare spreieareal (dekar)			
6	Er det registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar på eigedomen? Sjå rettleinga punkt E og F <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Veit ikkje						Dersom ja, angi namn/nummer på lokaliteten(ane)	
7	Angi totalarealet som skal nydyrkast (dekar)			Til fulldyrka jord (dekar)		Til overflatedyrka jord (dekar)		
8	Kva slags mark skal nydyrkast? Sjå eventuelt Gårdskart						Angi forventa avling	

9	Ved nydyrking av skogareal, angi hogstklasse og bonitet	
10	Beskriv planlagd drift av nydyrkingsarealet (utdjup eventuelt i eige vedlegg)	
11	Kva for økonomiske og driftsmessige fordelar vil ein oppnå ved nydyrkinga (legg ved kostnadsoverslag for nydyrkinga)	
12	Dato	Søkjaren si underskrift

Vedleggsliste

Søknaden <u>skal</u> innehalde:	Vedlagt	
Kart i farge (målestokk 1:5000) som visar det planlagde nydyrkingsarealet, tilkomsten til nydyrkingsarealet, eigedom og området omkring	<input type="checkbox"/>	
Plan for grøfting av nydyrkingsarealet (med ei beskriving av kvar ein skal deponere/dumpe stein/stubbar)	<input type="checkbox"/>	
Søknaden <u>kan</u> òg innehalde:		Ikkje relevant
Konsekvensutgreiing	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Beskriving av planlagd drift av nydyrkingsarealet (jf. punkt 10)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kostnadsoverslag for nydyrkinga (jf. punkt 11)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kart over registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Rettleiing

A. Nydyrking kan berre skjje etter godkjenning

Nydyrkingstiltaket kan ikkje settast i gang før planen for nydyrking er godkjend av kommunen. Grunneigar, jordskifteretten på vegne av den som har gjort krav på jordskifte, eller leigetakar m.fl. kan søkje om godkjenning av plan for nydyrking. Godkjenninga fell bort dersom nydyrking ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt. Kommunen kan sette vilkår ved godkjenning av plan for nydyrking, jf. [forskrift om nydyrking § 4](#).

B. Sakshandsaming

Kommunen skal innhente nødvendige fråsegner før dei treff eit vedtak, jf. [forskrift om nydyrking § 9](#), og elles sørge for at saka er så godt opplyst som mogleg. Regional kulturminnemyndigheit skal få anledning til å uttale seg. Sametinget skal få anledning til å uttale seg der nydyrkinga kan ha verknad for deira fagområde. Fylkesmannen skal få anledning til å uttale seg der nydyrkinga kan få verknad for vesentlege miljøverdiar. Det skal settast ein uttalefrist på minst ein månad. Kommunen si avgjerse kan påklagast til Fylkesmannen.

C. Kva ein reknar som nydyrking

Som nydyrking reknar ein fulldyrking og overflatedyrking av udyrka mark eller gjenoppdyrking av jordbruksareal som har lege unnytta i over 30 år. Med fulldyrking meiner ein rydding og bryting til vanleg pløyedjupn slik at arealet kan nyttast til åkervekstar eller til eng og beite som kan fornyast ved pløying. Med overflatedyrking meiner ein rydding og sletting av overflata slik at maskinell hausting er mogleg. Opparbeiding av overflatedyrka mark til fulldyrka mark reknast ikkje som nydyrking.

D. Vilkår/føresetnader for godkjenning

Planen for nydyrking kan ikkje godkjennast dersom nydyrkingsarealet ligg i kantsona mot vassdrag. I slike tilfelle må ein sette igjen ei vegetasjonssone mot vassdraget. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sona vere minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sona vere minst 2 meter. Som vassdrag reknar ein stillestående eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vasslaup utan årssikker vassføring dersom det skil seg tydeleg frå om omgivnadane. Dersom nydyrkingsarealet er over 50 dekar (eit vedlegg II-tiltak) skal kommunen behandle tiltaket etter [forskrift om konsekvensutredningar § 8](#). Òg mindre tiltak (under 50 dekar) skal behandlast etter § 3 dersom ein ikkje kan sjå bort frå at tiltaket kan få vesentlege verknadar for naturmangfold eller andre viktige miljøomsyn. Godkjenning av plan for nydyrking etter nydyrkingsforskrifta fritek ikkje grunneigar for plikta til å innhente nødvendig løyve etter anna lovverk.

E. Andre forhold som har noko å seie for avgjerla

Formålet med forskrift om nydyrking er å sikre at nydyrking skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskapsverdiene. Det skal leggjast særleg vekt på verknaden nydyrkinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiene, og det skal gå fram av kommunen si avgjerse kva verdiar tiltaket kan få følgjer for, og kva konsekvensar nydyrkinga får for desse. Omsynet til natur- og kulturlandskapsverdiar skal vurderast for større område uavhengig av eigedomsgrenser. Som natur- og kulturlandskapsverdiar reknar ein miljøkvalitetar som landskapsbildet, mangfaldet i naturen og kulturminne. Til landskapsbildet høyrer eksisterande tilkomst til areal som ligg bak arealet ein ønsker nydyrka. I vektlegginga skal det takast omsyn til om det er sjeldne miljøverdiar på arealet, og kor sjeldne desse miljøverdiene eventuelt er. Det skal takast slike omsyn [naturmangfaldlova](#) føreskriv ved kommunen si behandling av søknaden. Kommunen sine vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12 skal gå fram av vedtaket, jf. naturmangfaldlova § 7.

I tillegg til natur- og kulturlandskapsverdiar skal kommunen legge vekt på om det er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga og om nydyrkingstiltaket legg til rette for gode løysingar for drifta. Utfallet av søknaden vil avhenge av korleis ein veg dei relevante momenta i forhold til kvarandre.

F. Nærare om utfylling av søknadsskjemaet

Før opp namn, fødselsnummer (ev. organisasjonsnummer), adresse, gards og bruksnummer (ev. festenummer) på eigedomen som søknaden om plan for nydyrking gjeld, og telefonnummer. I punkta 1-6 gir ein opplysningar om eigedomen, og i punkta 7-11 gir ein opplysningar om arealet som ønskast nydyrka. Det er viktig at ein fyll ut punkta av omsyn til vurderinga av nydyrkingstiltaket. Under punkt 1 skal ein berre føre opp areal som høyrer til eigedomen, ikkje leigd areal. Arealinformasjon i punkt 1 kan hentast frå NIBIO sitt [Gårdskart](#) på internett. I "Produktiv skog" reknar ein med skog av særst høg, middels og låg bonitet. I "Anna areal" reknar ein med kategoriane jorddekt og skrin fastmark, bebyggd, samferdsel, vatn, bre og ikkje klassifisert areal. I punkt 5 skal ein angi behov for areal i forhold til produksjonsomfanget. Før opp areal som eigedomen manglar, og som er nødvendig for å oppfylle krava til spreieareal i [forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 24](#). Når ein skal rekne ut behovet for areal, tek ein ikkje med leigd areal, berre eigd areal. Informasjon om registrerte natur- og kulturlandskapsverdiar under punkt 6 kan kommunen hjelpe til med å finne. Dei finst òg i karttenester på internett, blant anna:

- o Natur- og landskapsverdiar:
 - Miljødirektoratets karttjeneste [Naturbase](#)
 - Artsdatabankens karttjeneste [Artskart](#)
 - NIBIOs kartløsning [Kilden](#)
- o Kulturverdiar:
 - Riksantikvarens [Kulturminnesøk](#)

Registrerte naturverdiar kan eksempelvis vere prioriterte artar og utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova, eller artar og naturtypar oppført i Norsk Rødliste (for artar 2010, for naturtypar 2011). Andre natur- og kulturlandskapsverdiar kan vere områdevern etter naturmangfaldlova, kulturminne etter kulturminnelova, verdfulle kulturlandskap, utvalde kulturlandskap i jordbruket, Miljøregistreringar i skog, vernskog, og område vurdert som svært viktige (A-lokalitet) og viktige (B-lokalitet) i Naturbase.

Rettleiing

G. Tilsyn og brot på nydyrkingsforskrifta

Kommunen skal føre tilsyn med at føresegnene i nydyrkingsforskrifta og vedtak fatta med heimel i den vert følgde, jf. [forskrift om nydyrking § 12](#). Kommunen kan i samband med dette utføre ei synfaring på eigedomen. Kommunen skal gi Fylkesmannen melding om brot. Fylkesmannen skal varsle departementet dersom brotet bør følgast opp ved tvangsgebyr etter andre ledd. Ved brot på forskrifta eller vedtak fatta med heimel i den, kan kommunen pålegge tiltakshavar å reparere skaden, godkjenninga kan trekkast heilt eller delvis tilbake, eller Fylkesmannen kan pålegge den ansvarlege tvangsgebyr, jf. [forskrift om nydyrking § 12](#).

H. Kulturminne

Dersom nydyrkingstiltaket utgjer 15 dekar eller meir av samla overflate over ein periode på fem år, vert det rekna som eit "større privat tiltak", og vert omfatta av undersøkingsplikta i [kulturminnelova § 9](#). I desse sakene vil nydyrkingsforskrifta og kulturminnelova gjelde side om side. Dette betyr at tiltakshavar må ha nødvendige løyve etter begge regelverk før tiltaket kan i settast i gang.

Sjå Klima- og miljøverndepartementet sitt rundskriv [T-2/99 om nydyrkingstiltak](#).

Staten kan dekke utgifter til arkeologisk arbeid dersom desse vert urimeleg tyngande for tiltakshavaren, jf. [kulturminnelova § 10](#). Sjå Klima- og miljøverndepartementet sitt rundskriv som omhandlar mindre, private tiltak: [T-2/2007 om dekning av utgifter til arkeologiske arbeider](#).

Dersom ein treff på automatisk freda kulturminne, jf. [kulturminnelova § 4](#) under gjennomføringa av tiltaket, uavhengig av storleik, skal ein stanse arbeidet og sende melding til fylkeskommune/Sametinget, jf. [kulturminnelova § 8](#).